



Stiftelsen Seminarium Fredericianum  
Asylplass 2  
5018 BERGEN

Dato: 12.05.2014  
Vår ref.: 2014/378-16  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Bergen barneasyl, gnr 166 bnr 716, Bergen - Statsbudsjettet 2014 kap 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø i Hordaland

Vi viser til søknaden Dykkar, dagsett 25.11.2013.

Søknaden vart handsama av Kultur- og ressursutvalet i møte 09.04.2014, sak 49/14.

Dei vedtok å gje eit tilskot på **kr 225.000,-** av midlar frå statsbudsjettet 2014, kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø i Hordaland.

Tilskotet skal nyttast til fase 2 av prosjektet som inneber istandsetting av fasadar, reingjering og maling. I tillegg skal grunnmuren i front settast i stand.

Sidan dette er eit omfattande arbeid som går over fleire år, er det viktig at det er semje om både prioriteringa av dei ymse tiltaka og materialval. Kontaktperson i HFK er Roald Landøy når det gjeld den faglege utføringa, og Stein Ottosen når det gjeld økonomi/utbetalingar.

### Tidsavgrensing

Tilsegna er gitt for inneverande år og kan overførast til neste år. Tilsegna fell bort etter 2 år dersom ikkje særskilte grunnar tilseier at prosjektet kan forlengast. Det må søkjast spesielt om overføring av tilskotet til neste år.

### Godkjende planar

Det må liggja føre planar godkjende av seksjon for kulturminnevern og museum, **før** arbeidet vert sett i gang.

*Dei fleste inngrep i freda bygningar krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Før det vert sett i gang arbeid som inneber utskifting av material og/eller bygningsdelar, ny overflatehandsaming eller farge, eller anna arbeid som går ut over enkelt vedlikehald på freda bygningar, må det difor sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra detaljert. Hastar det med å koma i gang med arbeidet, kan De ringa oss v/ David Sandved 55 23 91 85), så skal me vera så raske og fleksible som mogleg for å få det formelle på plass.*

### Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som utfører arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

### Vilkår for utbetaling av tilskot

Det utførte arbeidet skal godkjennast av seksjon for kulturminnevern og museum for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsoversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden. Søkjaren må senda rapport om det utførte arbeidet, dokumentert med fotografi, både før og etter arbeidet.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

### Retningslinene frå Riksantikvaren

Vi legg ved retningslinene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. Vi gjer også merksam på at skjemaet **aksept for vilkår av tilskudd** må returnerast seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Vedtaket kan påklagast til Riksantikvaren, jf. forvaltningsloven § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Sakshandsamar: SteinOttosen

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Riksantikvaren      Postboks 8196 Dep.  
Bergen kommune      Postboks 7700